

HYDRO ENERGI AS

0240 OSLO

Vår dato: 13.09.2021

Vår ref.: 202114305-5

Arkiv: 312

Deres dato:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Rune Moe

22959315/rmo@nve.no

NVE gjev mellombels løyve til tapping av magasin Fivlemyr i Luster kommune

Søknad

Vi viser til søknad fra Hydro Energi AS av 03.09.2021:

«Søker om å få tappe Fivlemyr magasin 1 – 1,5 m under LRV på grunn av store slam- og sandansamlingar framføre inntaksrist til overføringsluke frå magasin Fivlemyr til magasin Skålavatn. Dette fører til avgrensa overføring av vatn til Skålavatn, noko som er svært uheldig i flaumsituasjonar der det kan vere kapasitet til å ta vatnet gjennom Skagen kraftstasjon, eller det er ledig kapasitet i magasin Skålavatn for demping av flaum. Ved redusert overføring av vatn kan det i verste fall skape større flaum enn nødvendig i Fortunsdalen.»

Søker med dette om å få gå under LRV for fjerning av slam i kanal framfor inntaksrist for å oppretthalde maksimal overføring av vatn frå Fivlemyr magasin til Skålavatn. Med omsyn til tilsig og værprognosar ynskjer Hydro Energi å ha moglegheit til å gå under LRV i ein periode på 10 døgn ein gong i tidsrommet mellom veke 36 – 39.

Det er ikkje venta at ei nedtapping under LRV vil medføre negative hydrologiske eller miljømessige konsekvensar i aktuelt tidsrom. Nedtappinga av magasinet vil bli utført ved hjelp av tappeluken i dam Fivlemyr og vil bli utført med roleg seinking med liten lukeopning.»

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget saka har, er ho ikkje kunngjort lokalt. NVE har sendt saka på høyring til lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at saka er godt nok gjort greie for ved dette.

Statsforvaltaren i Vestland uttaler i e-post av 09.09.2021:

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



«Statsforvaltaren i Vestland har ikkje merknader til søknaden om å tappe Fivlemyr magasin inntil 1,5 meter under LRV i 10 døgn i perioden mellom veke 36 – 39. Avviket er nødvendig for å kunne fjerne slam foran inntaksrista slik at flaumkapasiteten blir betra, og tiltaket er ikkje venta å få miljøkonsekvensar.»

Vestland fylkeskommune har ikkje sendt inn skriftleg fråsegn, men har vore i kontakt med NVE per telefon. Oppsummert er fylkeskommunen opptatt av at finstoff frå renskinga ved inntaket ikkje fører med seg tilslamming av vassdraget, særleg ikkje på anadrom strekning, sjølv om det er eit lite truleg utfall i denne saka. Det er mykje finsedimenter i vassdraget sidan det er ein hel del breavsetningar i området. Fylkekommunen er også oppteke av at massane som blir frakta ut av vassdraget må bli deponert på ein god måte.

Luster kommune har ikkje sendt inn fråsegn.

NVE si vurdering

Gjeldande manøvreringsreglement for regulering av Fortun og Grandfastavassdragene, herunder magasin Fivlemyr, ble gjeve i kgl. res. av 01.07.1960. Aktuelle punkt fra manøvreringsreglementet er at høgaste regulerte vannstand (HRV) og lågaste regulerte vannstand (LRV) i magasin Fivlemyr er høvesvis kote 1028 og 1018.

Hydro Energi AS ynskjer å fjerne slam i kanalen framfor inntaksrista for å oppretthalde maksimal overføring av vatn frå Fivlemyr magasin til Skålavatn. For å få til dette, blir det no søkt om å tappe ned magasinet 1-1,5 meter under LRV. Vedlikehaldet skal finne stad i veke 36 - 40 2021, over ein periode på til saman 10 døgn.

NVE kan gi løyve til avvik frå manøvreringsreglement i medhald av vassressurslova § 8 når føremålet er naudsynt reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket går etter vårt syn inn under dette føremålet.

Med bakgrunn i søknaden og innkomne fråsegn, kan ikkje NVE sjå at tiltaket vil vera til nemneverdig skade for nokon kjente allmenne interesser eller dei økologiske høva i vassdraget. NVE meiner at faren for tilslamming av lakseførande strekning er låg, då tappinga frå Fivlemyr går ut i eit anna reguleringsmagasin, og ikkje direkte ut i ei elvestrekning nedstraums. NVE legg til grunn at mesteparten av finmassane vert felt ut i Skålavatnet, og ikkje aktivt blir ført vidare ned i vassdraget. NVE legg òg til grunn at ev. masser som føres ut av magasinet blir deponert på ein god måte. NVE har elles lagt vekt på at tiltaket er viktig å få gjennomført i forkant av ein eventull høstflaum.

NVE meiner at vurderingane er i samsvar med dei prinsippa i naturmangfaldlova som skal ivaretakast når det vert gjort vedtak, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i den anledning påpeike at tiltaket er begrensa i tid og nødvendig av tryggleiksgrunnar (primært flaum). NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Ved å ta omsyn til dette kan ikkje NVE sjå at nedtappinga er til skade for nokon kjende almenne interesser.

Konklusjon

NVE gjev løyve til at Hydro Energi AS kan senke og halde vasstanden nede i magsin Fivlemyr i Luster kommune inntil 1,5 meter under LRV over ein periode på inntil 10 dagar i perioda 13.09.2021 til 04.10.2021. Løyvet er gjeve i medhald av vassressurslova § 8.



Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Hydro Energi AS skal informere om fråviket gjennom skilting ved tiltaksområdet og på relevante nettsider.
- NVE føreset at Hydro Energi AS har ordna dei privatrettslege tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som en følgje av tiltaket.
- Instrument for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samstundes med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje alt er etablert. Jf. Punkt 4.5 i retningslinjer av 20.06.2016 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om rett til å klage.

Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Brit Torill Haugen
fungerande seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Kopi til:

LUSTER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: Skrive kva for vedtak du klagar på. Skrive kva for eit resultat du ønsker. Opplyse om du klagar innanfor fristen. Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.